



Hjelmås Vvs AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/579 - 21/5790

Saksbehandlar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
30.06.2021

## Melding om delegert vedtak - søknad om utslepp frå renseanlegg for gråvatn gbnr 20/3, Mollandsøyna

Vi syner til søknad motteke den 14.06.2021.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 081/2021**

**Masfjorden kommune viser til forureiningsforskrifta § 12 og godkjenner søknad om utslepp frå renseanlegg for gråvatn frå våningshus gbnr 20/3, Mollandsøyna.**

**Søknad med vedlegg mottatt 14.06.2021 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 14.06.2021.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**Grunngjeving: Søknaden er i tråd med forureiningsforskrifta § 12.**

**Heimel: Forureiningsforskrifta § 12.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 14.06.2021 søkt om utslepp frå renseanlegg for gråvatn frå våningshus gbnr 20/3, Mollandsøyna.

### 2. Fakta

Saka gjeld søknad om utslepp frå renseanlegg for gråvatn frå våningshus gbnr 20/3, Mollandsøyna. Renseanlegg for gråvatn er av type «Vera Compact Mini». Utslepp går via filterpose i tank via etterpolering til jordbruksgrøft. Anleggets dimensjonerte storleik i antall personekvivalenter er 5 pe. Utsleppsstad vert i mindre følsomt område.

Plassering av renseanlegg er vist på situasjonskart under.



Søknad om utslepp er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4. Det er kome inn merknad frå nabo som det er tatt høvde for i søknaden.

Hjelmås VVS AS er ansvarleg søker for tiltaket, samt ansvarleg for PRO og UTF.

### 3. Konklusjon

Søknad om utslepp frå renseanlegg for gråvatn frå våningshus gbnr 20/3 vert godkjent som omsøkt, jf.vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

#### Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS  
Jens Christian Holst

Torvhusmyrane 2 5913  
Slettebakksveien 5093  
22a

EIKANGERVÅG  
BERGEN